



Arkivnr: 2017/4190-10

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Invitasjon - Selskapskontroll av Vigo IKS - ny plan for gjennomføring

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalt handsama denne saka i sak PS 69/17 «Invitasjon til å delta i felles selskapskontroll av Vigo IKS» i møte 15.06.2017. I saksframlegget gjekk det fram dette:

«Sekretariatet mottok 05.05.2017 invitasjon fra Kontrollutvalgssekretariat Midt-Norge IKS (KonSek) om å delta på ein selskapskontroll som Sør-Trøndelag fylkeskommune har bestilt av VIGO IKS, jf. vedlegg.

Av invitasjonen fra Sør-Trøndelag fylkeskommune går det m.a. fram dette:

«Det er flere elementer som taler for at selskapet nå er aktuelt for en selskapskontroll: Det står for drift og utvikling av tjenester av høy vesentlighet for eierkommunene, det har høye budsjett, få ansatte og gjennomfører komplekse anskaffelser av høy verdi. I kombinasjon med stor geografisk spredning på eiersiden indikerer de nevnte elementene en rekke risikoområder, som det vil være hensiktsmessig å få en gjennomgang av.»

VIGO www.vigoiks.no er eit interkommunalt selskap som er eigd av alle fylkeskommunane og Oslo kommune og er lokalisert i Skien. Selskapet skal ivareta utvikling av fylkeskommunane sine IT-system innan vidaregåande opplæring. Det er organisert med eit representantskap på 19 medlemmar, eit frå kvar eigarfylkeskommune, og eit styre på 5 medlemmar. Eigarfylkeskommunane finansierer selskapet sine drifts- og utviklingsoppgåver med i hovudsak likt tilskot, men også ein prosentdel fastsett ut frå elevtal. Budsjettet i selskapet har hatt ein auke frå 10,5 millionar kroner i 2012 til vel 74 millionar kroner i 2015.

Vidare går det fram av invitasjonen at tanken er at Revisjon Midt-Norge IKS skal ha ansvar for planlegging, gjennomføring av prosjektet og stå for den praktiske koordineringa av sjølve revisjonsgjennomgangen. KonSek skal stå for koordineringa av bestillingane frå dei andre eigarfylkeskommunane.

I utgangspunktet er sekretariatet positiv til at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune bør delta i dette prosjektet. Likevel meiner sekretariatet at det ikkje ligg føre godt nok grunnlag for at kontrollutvalet bør gjera positivt vedtak enno.

Hordaland fylkeskommune har som kjent Deloitte AS som vald revisor for både reknesaksrevisjon, selskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll og forvaltningsrevisjon frå Deloitte AS med bakgrunn i bestillar/utførar modellen. Her vert det lagt til grunn at kontrollutvalet bestemmer kva som skal reviderast og revisor bestemmer korleis dei skal gjennomføre revisjonen. Det betyr at det vert lagt stor vekt på å involvere kontrollutvalet i å formulere både føremål og problemstillingar i ein idé dugnad. På bakgrunn av dette vert revisor beden om å lage forslag til prosjektplan som inneholder m.a. føremål, problemstillingar (kva vil kontrollutvala ha svar på), revisjonskriterier, metodebruk, ressursbruk og leveringstidspunkt. Prosjektplanen vert godkjent av kontrollutvalet som endeleg bestilling til revisjonen. Dersom det vert behov for å gjera endringar i prosjektplanen undervegs i revisjonsprosjektet skal dette godkjennast av kontrollutvalet.

I den mottekne invitasjonen kan vi ikkje sjå at det er tenkt lagt opp til ei slik involvering av kontrollutvala i alle dei 19 eigarfylkeskommunane. Det går i staden fram av invitasjonen at det er ei referansegruppe bestående av representantar frå kvar av dei valde revisorane i dei 19 eigarkommunane som skal ha ansvar for «å forankre» dette arbeidet. Ved å gjera det slik vel kontrollutvala å overlate ansvaret for å formulere bestillinga til den som skal utføre revisjonen, altså revisor i eigarfylkeskommunane. Kontrollutvala må i tilfelle akseptere at det vert gjennomført eit revisjonsoppdrag som dei ikkje veit innhaldet i og heller ikkje kostnaden med før det er ferdig gjennomført.

Vi meiner at det i dette tilfelle hadde vore meir effektivt om kontrollutvalet i Sør-Trøndelag fylkeskommune hadde bede Revisjon Midt-Norge IKS om å legge fram forslag til prosjektplan som inneholder både føremål, problemstillingar osv., i tråd med «Standard for forvaltningsrevision - RSK 001». Denne finn du på denne lenka http://www.nkrf.no/rsk_001_standard_for_forvaltningsrevision. Forslag til prosjektplan kunne alle dei andre kontrollutvala ha som grunnlag for å gjera vedtak om ei eventuell deltaking i dette prosjektet. Ein slik prosjektplan kan delast i to deler:

- Forvaltningsrevisjon av VIGO IKS
 - Denne bør eit revisjonselskap få ansvar for å gjennomføre, t.d. Revisjon Midt-Norge IKS
 - Den delen vil truleg koste like mange timer uansett kor mange av eigarane som vil delta
- Eigarskapskontroll i kvar enkelt eigarfylkeskommune
 - Denne kan eigarfylkeskommunen sin eigen revisor gjennomføre

Slik saka er framstilt no er det særstak usikkerheit i høve kva som vil vera føremålet med revisjonen, kva problemstillingar som skal belysast, omfanget på revisjonen inkludert kor mange timer det vil gå med til dette prosjektet.»

På bakgrunn av denne saksframstillinga vart det gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er i utgangspunktet positiv til å delta i ein felles selskapskontroll av VIGO IKS.
2. Endeleg vedtak vert å komme tilbake til når det ligg føre forslag til prosjektplan som inneholder m.a. føremål, problemstillingar, revisjonskriterier, metodebruk, ressursbruk og leveringstidspunkt.

Det er no motteke, frå Konsek Midt-Norge IKS, ny plan for gjennomføring av denne selskapskontrollen i tråd med punkt 2 i vedtaket over, sjå vedlagte dokument.

Av den føreslårte prosjektplanen går det m.a. fram slikt føremål:

«Formålet med prosjektet er todelt:

1. Vurdere hvordan eierfylkeskommunene/Oslo kommune følger opp sitt ansvar som eiere av selskapet.
2. Skaffe eiere innsikt i selskapets virksomhet og styring, herunder om VIGO IKS sine innkjøp, samhandling med leverandører, håndtering av personopplysninger og økonomistyring, er i samsvar med lov- og regelverk, vedtatte føringer og interne retningslinjer.»

Vidare går det fram at revisjonsprosjektet har slike problemstillingar:

1. *Har eier definert klare mål for selskapet?*
 - *Utøver eierfylkeskommunene/Oslo kommune sitt eierskap gjennom representantskapet?*
 - *Har fylkeskommunene/Oslo kommune etablert rutiner for oppfølging og evaluering av selskapet, og følges disse?*
 - *Er styrets virksomhet etablert i samsvar med gitt føringer og anbefalinger?*
2. *Er det etablert styringssystemer som sikrer at selskapets aktivitet er hensiktsmessig i forhold til de krav og forventinger som er stilt til selskapet, og hvordan er etterlevelsen av disse?*
 - a) *Måloppnåelse*
 - b) *Håndtering av risiko og bruk av ROS-analyser.*
 - c) *Økonomistyring.*
 - d) *Ressursstyring.*
3. *Følger Vigo IKS regelverket om offentlige anskaffelser?*
 - a) *I hvilken grad har Vigo IKS interne retningslinjer og interne rutiner for offentlige anskaffelser som er i samsvar med lov og forskriftskrav?*
 - b) *I hvilken grad er Vigo IKS sin praksis for offentlige anskaffelser i samsvar med lov og forskrift samt egne retningslinjer/rutiner?*
 - c) *I hvilken grad er innkjøpsfaglig kompetanse involvert på hensiktsmessig vis i forbindelse med anskaffelser?*
 - d) *I hvilken grad har man sikret at det utvikles funksjonelle og hensiktsmessige IKT-systemer for brukerne?*
 - e) *I hvilken grad er man sikker på at Vigo IKS etterlever regelverk og føringer som gjelder habilitet og etikk?*
4. *Har selskapet tilfredsstillende rutiner for håndtering av personopplysninger?*
 - a) *I hvilken grad har Vigo IKS interne retningslinjer og interne rutiner for håndtering av personopplysninger som er i samsvar med lov og forskriftskrav?*
 - b) *I hvilken grad er Vigo IKS sin praksis for håndtering av personopplysninger i samsvar med lov og forskrift samt egne retningslinjer/rutiner?»*

Føremål 1 og problemstilling 1 gjeld eigarskapskontrolldelen medan føremål 2 og problemstillingane 2 – 4 gjeld forvaltningsrevisjonsdelen.

Drøfting:

Av dei mottekte dokumenta går det m.a. fram at selskapskontrollen no er tenkt gjennomført slik:

- Revisjon Midt-Norge IKS gjennomfører **forvaltningsrevisjonsdelen** i selskapet, hovudsakleg med eigne ressursar innanfor ei totalramme på inntil 700 timer.
 - Telemark fylkeskommune (verts fylkeskommune) er bede om å bidra med inntil 150 timer
 - Hordaland fylkeskommune er bede om å stille Deloitte til disposisjon for Revisjon Midt-Norge IKS, for å bidra i arbeidet med IT-anskaffelser på inntil 50 timer.
 - Oslo kommunerevisjon skal innhente opplysningar om representantskap og styre, dette vil verte tilgjengeleg for alle deltagarane
- Kontrollutvala i alle fylkeskommunane er invitert til å gjennomføre **eigarskapskontrollen** sjølv, noko som er estimert til om lag 50 timer
- Det vert utarbeidd rapport i to sjølvstendige delar, ein for forvaltningsrevisjonsdelen og ein for eigarskapsdelen

Problemstilling 1 – Eigarskapskontroll:

Når det gjeld problemstilling 1, eigarskapskontrolldelen, meiner sekretariatet at det ikkje vil vera føremålstenleg at Hordaland fylkeskommune bruker ressursar på å gjennomføre eigarskapskontroll på eigardelen i VIGO IKS no. Etter vår oppfatning vil det gå med for store ressursar til eit slikt arbeid totalt sett dersom alle eigarane skal gjera dette arbeidet. Slik sekretariatet ser det bør det eventuelt vurderast å

gjennomføre eigarskapskontroll i Hordaland fylkeskommune etter at ein ser kva som vert resultatet av forvaltningsrevisjonen i selskapet som no er i gang.

Problemstilling 2 - 4 – Forvaltningsrevisjon:

Som det går fram av vedtaket frå møte i kontrollutvalet 15.06.2017, når denne saka vart handsama sist, var utvalet i Hordaland fylkeskommune positiv til å delta i ein felles selskapskontroll av VIGO IKS. Sekretariatet tilrår på bakgrunn av det som går fram over at kontrollutvalet seier ja til å delta i den delen som gjeld forvaltningsrevisjon av selskapet og at Deloitte vert stilt til disposisjon for Revisjon Midt-Norge IKS, for å bidra i arbeidet med IT-anskaffelser på inntil 50 timer. Sekretariatet har munnleg fått stadfesta at Deloitte seier seg villig til dette.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ikkje gjennomfører eigarskapskontroll i VIGO no. Vidare tilrår sekretariatet at kontrollutvalet seier ja til å delta i den pågåande forvaltningsrevisjonen av selskapet. I dette ligg det også at Deloitte vert stilt til disposisjon for Revisjon Midt-Norge IKS, for å bidra i arbeidet med IT-anskaffelser på inntil 50 timer.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje å gjennomføre eigarskapskontroll av VIGO IKS no.
2. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune seier ja til å delta i den pågående forvaltningsrevisjonen av VIGO IKS. I dette ligg det også at Deloitte vert stilt til disposisjon for Revisjon Midt-Norge IKS, for å bidra i arbeidet med IT-anskaffelser på inntil 50 timer.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Vedtaksbrev
- 2 Prosjektplan Vigo IKS
- 3 Henvendelse om bidrag med revisjonsressurser i forvaltningsrevisjon av Vigo IKS